



# Gloppen kommune

## Møtebok

---

<b>Utval</b>	Eldrerådet
<b>Møtestad</b>	På Søreide
<b>Dato</b>	29.05.2017
<b>Tid</b>	Kl. 13:00 - 15:00

---

### Følgjande medleamar møtte

Arnar Hans Kvernevik  
Arnfinn Jørgen Brekke  
Egil Holme  
Hans Myklebust  
Olav Felde  
Olav Moritsgård

### Frå

AP  
KRF

### Forfall/møtte ikkje

Maria Lundestad

### Frå

### Følgjande varamedlem møtte

### Frå

Bård Vereide

### Andre som møtte

Beate Kornberg, rådgjevar i sak 15/17  
Jan Kåre Fure, rådmann i sak 14/17

Møteleiar: Olav Moritsgård

### Underskrift:

---

Olav Moritsgård

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
012/17	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
013/17	Referat og orienteringssaker
014/17	Økonomiplanen for perioden 2018-2021
015/17	Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025 - Sluttbehandling



Saksnr.	Utval	Møtedato
012/17	Eldrerådet	29.05.2017

## Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

### Vedlegg i saka:

04.04.2017      Protokoll - Eldrerådet - 03.04.2017

### Leiar i rådet si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå siste møte
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Møteprotokollen frå eldrerådet sitt møte den 3. april 2017 blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

### Eldrerådet 29.05.2017

### Behandling

### ELD- 012/17 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 3. april 2017
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 29. mai 2017

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
013/17	Eldrerådet	29.05.2017

## Referat og orienteringssaker

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

### Orienteringssaker:

- Urettferdig nettleige - Sak frå rådet for eldre og funksjonshemma i Selje kommune
- Orientering om justert framdriftsplan for samfunnsdelen

Ordet fritt...

### Eldrerådet 29.05.2017

#### Behandling

Eldrerådet drøfta saka om urettferdig nettleige frå rådet for eldre og funksjonshemma i Selje kommune, og fekk orientering om justert framdriftsplan for samfunnsdelen. Under ordet fritt tok Olav Felde opp om ikkje eldrerådet bør støtte ei eventuell etablering av senioruniversitet i Gloppen. Eldrerådet ønskjer meir informasjon før dei kan gjere vedtak i saka.

#### ELD- 013/17 Vedtak

Eldrerådet sluttar seg til oppfordringa frå Selje kommune og ønskjer å vidaresende skrivet om urettferdig nettleige til dei politiske partia på Stortinget. Eldrerådet tek saka om justert framdriftsplan for samfunnsdelen til orientering.

Vedtaka var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
041/17	Formannskapet	08.05.2017
047/17	Formannskapet	24.05.2017
014/17	Eldrerådet	29.05.2017
018/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	29.05.2017
024/17	Helse- og omsorgsutvalet	31.05.2017
026/17	MULTEK-utvalet	01.06.2017
020/17	Oppvekstutvalet	31.05.2017

## Økonomiplanen for perioden 2018-2021

### Vedlegg i saka:

03.05.2017 Økonomiplan for perioden 2018-2021

### Rådmannen si tilråding

Formannskapet viser til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2018-2021 og legg denne ut til offentlig gjennomsyn med høringsfrist onsdag 7. juni 2017..

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I samsvar med m.a. økonomireglementet legg rådmannen no fram økonomiplanen for perioden 2018-2021.

#### Fakta i saka

Rådmannen skriv følgjande i samandraget innleiingsvis i planen:

«Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for 2018-2021 er i hovudsak ein revisjon av investeringane i økonomiplanen fram til 2020 som vart vedteken av kommunestyret i desember 2016. I tillegg til dette presenterer rådmannen aktuelle driftstiltak som vi må arbeide vidare med for å finne dekning til.

Planen er skriven månadsskiftet april/mai 2017, altså før regjeringa legg fram kommune-proposisjonen for 2018, som vil gje nærare rammer for drifta av kommunane til neste år. Som sist vedteke årsbudsjett viser, er det ikkje økonomiske rammer for å auke kommunen sine driftsutgifter. Nye driftstiltak er derfor ikkje lagt inn og tilfesta i rådmannen sitt framlegg.

Investeringsplanen er ambisiøs, og vil gje oss store driftsutfordringar når renter og avdrag på nye store låneopptak skal betalast. Slik sett er investeringsbudsjettet for høgt. Ein auke i lånerenta på berre eitt prosentpoeng, vil koste oss nesten 5,5 mill meir i årlege renteutgifter.

#### Investeringane

Dei store investeringsprosjekta er framleis

- rehabilitering av skule- og idrettsbygget i Hyen med 47,5 mill i perioden
- nytt omsorgsbygg med 42,9 mill

- nytt 'blålysbygg' med 36 mill
- oppgradering av rensanlegget på Byrkjelo med 26,2 mill
- nytt industribygg til utleige med 26 mill
- utbygging av Sandane skule med 30 mill
- bustader til vanskelegstilte med 40 mill.

### **Lånegjelda**

vil auke til nesten 715 millionar viss alle investeringane i planen blir gjennomførde. Sjølv om mykje av auken kjem frå tiltak som også gjev inntekter, kan kommunen – slik rådmannen ser det – ikkje greie å handtere ei så stor lånegjeld.

### **Utfordringar på drifta**

Den store utfordringa på drifta er å skaffe rom for å drifte det nye omsorgsbygget som etter planane blir innflyttingsklart i 2020.»

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Dei økonomiske konsekvensane går fram av plandokumentet.

### **Rådmannen si vurdering**

Det er både fordelar og ulemper med å skilje arbeidet og behandlinga av økonomiplanen frå årsbudsjettet. Sett frå rådmannen sin ståstad fører delinga til ein god del meirarbeid sidan vi uansett må gjere ein revisjon av økonomiplanen i samband med årsbudsjettbehandlinga for å få oppdaterte økonomiske rammer.

Som det går fram av dagens plan er det mykje som er usikkert, særleg på driftssida. Rådmannen er likevel mest ottefull for den auken i lånegjelda som vi kjem til å dra på oss med dei planane vi har i dag. Vi må nøye vurdere alle tiltak med sikte på å redusere kostandene så mykje som råd. 'Godt nok' er kanskje eit omgrep vi skal ta meir i bruk...

Økonomiplanen skal i første omgang leggast ut til gjennomsyn.

### **Formannskapet 08.05.2017**

#### **Behandling**

Saka vart behandla i finansutvalet, som vil seie at formannskapet vart supplert med gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representert i formannskapet. Av desse var Anniken Rygg (H) og Hege Lothe (SV) med på behandlinga.

#### **FOR- 041/17 Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

### **Formannskapet 24.05.2017**

#### **Behandling**

Gruppeleiarane i Høgre, SV og Miljøpartiet De Grøne var inviterte til å møte i saka, men kunne ikkje møte.

Innspel frå **Magni Aa Berge på vegner av Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Venstre og SV:**

### **5.2. Formannskapet sitt budsjettområde**

Administrative ressursar. Sjå «omgjerung av sekretærstilling i Nordfjordrådet» i kap. 5.2 og «stilling som rådgjevar for oppvekstsjefen» og «leiingsressursar / administrative ressursar i einingane» i kap. 5.3 i samanheng. Redusere til samla kostnad kr 1.000.000,-.

«Oppfølging av breibandsplan» - ta posten ut av økonomiplanen fordi kostnaden er tidlegare vedteke finansiert gjennom disposisjonsfondet. Reduksjon kr 2.000.000,-.

### **5.3. Helse- og omsorgsutvalet sitt budsjettområde**

Ikkje innføre heildøgnsbemanning ved bukollektivet på Sandane, hyblane og Gotatunet i 2018. Gjere ny vurdering om eitt år. Reduksjon kr 1.400.000,-.

### **5.4 MULTEK-utvalet sitt budsjettområdet**

Utsette «auka drift av Gloppen folkebibliotek» til 2019, eller når rehabilitering av Hyen skule er ferdig. Reduksjon 230.000 kroner.

Redusere «kommunal delfinansiering av spelemiddelsøknadsanlegg» til kr 500.000,-. Reduksjon kr 500.000,-. Summen må nærare vurderast gjennom årleg budsjetthandsaming når ein veit kva anlegg som står for tur.

Investeringsbudsjettet 2017 – utsette oppstart brannstasjon til 2018.

### **Innspel frå Svein-Ottar Sandal frå KrF:**

1. Låneopptak: Etterslep på gjennomføring av vedtekte investeringsprosjekt. Kommunestyret legg til grunn at låneopptak først vert gjort når dei einskilde lånefinansierte prosjekt vert gjennomført.

2. I økonomiplanen er det på kap 4 sett opp eit konsekvensjustert budsjett. For hovudsektorane , formannskapet, oppvekst, helse og omsorg, MULTEK og Gloppen kyrkjelege fellesråd er 2017 tala flatt vidareført i økonomiplanperioden. Det ville vere ønskeleg at det vart laga ei samleoppstilling over dei tiltaka som er nemnde i kap 5 (endring i drifta) for å sjå konsekvensane av desse i økonomiplanperioden.

Dei einskilde tiltak som er nemnde i 5.2 - 5,3 - 5,4 - 5,5 er så langt vi kan sjå ikkje tidfesta for gjennomføring. Er det rett?

3. Det er behov for å sjå dagleg leiar Nordfjordrådet og sekretær for Nordfjordrådet i samanheng med eventuell omgjerung av sekretær for Nordfjordrådet til 100 prosent stilling.

4. Auka driftstilskot for Firda fysikalsk-medisinske senter skal følgje opptrappingsplanen frå kommunestyret sitt vedtak i budsjett/økonomiplan desember 2016.

5. Endring av dimensjoneringsforskrifta for brann (kr 1,2 mill). Beløpet vert tatt ut til dei nasjonale krava er avklart.

6. For ikkje å svekke drifta av Gloppen Folkebibliotek må kr 230.000 inn i budsjettet om det ikkje kan dekkast gjennom endring av bibliotektenesta i Hyen til rehabilitert skuleanlegg er ferdig.

7. Prosjektleiar investering og prosjektleiar investering på einskildprosjekt vert sett i samanheng.

8. Treng meir informasjon om ny distriktsmusikar innan folkemusikk.

9. Rehabilitering av skuleanlegget i Hyen har fått ei svært høg kostnadsramme (estimert). Skulen skal rehabiliterast, men det må vere eit mål å få kostnadene ned.

10. Utleigebygg til Strukturplast - 26 mill. Under føresetnad av at kommunen eig dette bygget og kan lånefinansiere det, og at avtalen med Strukturplast dekker alle kostnader kommunen har med denne investering.

11. Nytt bustadfelt Austrheim - ny tekst: Nytt bustadfelt Nordstranda.

12. Maskiner og utstyr og kommunen sin bilpark vert sett i samanheng og totalt (6.250. 000 + 7.000.000) sett til kr 10 mill i økonomiplanperioden.

13. Gang og sykkelveg Søreide - Åsen vert tatt ut i denne omgang.

14. Det skal arbeidast for å etablere eit kommunalt bustadfelt i Hyen (evt. Holme) Sum?

15. Planarbeid for fv 615: 2 mill, som tidlegare vedtak i kommunestyret.

#### **FOR- 047/17 Vedtak**

Formannskapet viser til rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2018-2021 og legg denne, saman med innspela som vart lagde fram i møtet, ut til offentleg gjennomsyn med høyringsfrist onsdag 7. juni 2017.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 29.05.2017**

#### **Behandling**

#### **ELD- 014/17 Vedtak**

Eldrerådet tek rådmannen sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2018-2021 til orientering. Eldrerådet ber om at tiltaket om auke av tal korttidsplassar ved Gloppen omsorgssenter i 2018 og oppføring av nytt omsorgsbygg innan 2020 vert høgt prioritert. Vedtaket var samrøystes.





Saknr.	Utval	Møtedato
015/17	Eldrerådet	29.05.2017
019/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	29.05.2017
025/17	Helse- og omsorgsutvalet	31.05.2017
027/17	MULTEK-utvalet	01.06.2017
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

## Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025 - Sluttbehandling

### Vedlegg i saka:

- 18.05.2017 Oppsummering av folketalsutvikling på område - krinsnivå 2007 - 2017  
18.05.2017 Bustadpolitisk handlingsplan 2017 - 2025 - Rådmannen sitt justerte planutkast til endeleg godkjenning i kommunestyret 15.juni 2017

### Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner vedlagde framlegg til «**Bustadpolitisk handlingsplan 2017 – 2025**», med følgjande tillegg:

- Oversikt over folketalsutvikling på områdenivå (historikk) som nytt vedlegg til planen
- Eit nytt punkt i planen i handlingsdel 4.3.1 om ein meir aktiv markedsføring av kommunale bustadtomter.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Formannskapet vedtok i møte 14.10.15 at det skal utarbeidast ein bustadpolitisk handlingsplan for perioden 2016 – 2024, som skal legge føringar for ein meir heilskapleg bustadpolitikk i kommunen vår. Planen skal innehalde ei rullering av gjeldande «Bustadsosial handlingsplan 2012 – 2020», hovudsakleg i kapittel 5 og 6 i planen, som er eit viktig grunnlag for å få innvilga lån og tilskot frå Husbanken.

Planen skal omhandle følgjande tema:

1. Generell bustadutvikling
2. Bustadfeltpolitikk
3. Bustadsosiale forhold
4. Organisering, samarbeid og bustadforvaltning.

#### Fakta i saka

Formannskapet la i møte 3. april 2017, «Bustadpolitisk handlingsplan for Gloppen kommune 2017 – 2025» ut på høyring med frist 5. mai 2017. Det kom ikkje inn innspel innan fristen. I etterkant av fristen har det kome inn eit innspel frå arbeidsgruppa i KrF, med 7 punkt administrasjonen er beden om å vurdere før den vidare politiske handsaminga.

## **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Planen legg føringar for kommunen sine prioriteringar i planperioden, som må innarbeidast i økonomiplan og årleg budsjettprioriteringar.

## **Rådmannen si vurdering**

Rådmannen har følgjande kommentarar til høyringsinnspølet som er kome inn:

1. I punktet uttrykker arbeidsgruppa eit ønskje om ein meir konkret plan, og ber om ei vurdering av om det er behov for ein handlingsplan som konkret legg ein utviklingsplan for bustadpolitikken. Rådmannen meiner det er uklart kva som er etterspurt, utover det som er gjort i i punkt 3.3 og 4.3.1 og 4.3.2 i planen.
  2. Her vert det etterspurt meir statistikk over befolkningsutviklinga på områdenivå i kommunen, både historisk og prognosar. Vedlagt ligg ei oversikt på områdenivå dei siste 10 åra, med 5 års mellomrom (2007, 2012, 2017). I tillegg er det lagt inn årleg statistikk for dei sentrale områda i lokalsamfunna og område med størst vekst. Dette kan knytast til endeleg godkjent plan som eit vedlegg. Ei eventuell prognose framover vil etter rådmannen si vurdering vere ei rein gjetting, og vil i stor grad avhenga av kva for politisk val som vert teke rundt dei foreslegne tiltaka i handlingsdelen.
  3. og 4. I merknaden peiker KrF heilt korrekt på at det ikkje nødvendigvis er ein garanti for at regulerte tomter blir byggeklare tomter, og etterlyser ein strategi for å få etablert ein tomtebank. Pkt. 4.3.1 er det foreslått ein handlingsplan som rådmannen meiner i stor grad svarer på dette. I tillegg kan det vere aktuelt med meir offensiv marknadsføring. Her kunne planen gjerne vore tydelegare.
  5. Planen skiller tydeleg på kriterie for etablering av kommunale bustadfelt, og kva kommunen kan akseptere av private initiativ. Rådmannen opplever at KrF på dette punktet ønskjer at planen skulle vore meir diffus, medan dei i pkt. 1 etterlyser ein meir konkret plan. Rådmannen vil minne om at vi med bakgrunn i sentrale føringar i større grad har ansvar for å ta folkehelseomsyn og klimaomsyn i vår planlegging. Fleire av tiltaka i planen er difor svar på dette.
  6. Rådmannen er skeptisk til ein analyse av attraktivitet. Erfaring tilseier at det som er attraktivt for ein person kan vere heilt uinteressant for ein annan. Det er alltid gjort ei vurdering av kvalitetane i eit område i samband med planarbeid, men det finst ikkje objektive kriterie for kva som er attraktivt og kva som ikkje er det. Rådmannen har døme på at bustadområde har vore snakka ned som lite attraktive på grunn av lite nybygging i ein periode, medan dei som er busette i det same området jamt over er godt nøgde. Det er ein dårleg strategi både i forhold til dei som er busette i eit slik område og i forhold til sal av tomter. Rådmannen har meir tru på aktiv marknadsføring, og å snakke opp verdiane og kvalitetane vi har i alle bustadområda våre.
  7. Rådmannen er samd i at bustadutvikling må vere eit samspel mellom kommunen og private, og er usikker på kva KrF meiner med at planen er negativ på dette punktet. Kommunen kan hovudsakleg styre bustadprosjekt på to måter
    - gjennom detaljerte reguleringsføresegner
    - gjennom sjølv å vere byggherre
- Detaljerte reguleringsføresegner krev ein svært bevisst haldning til kva ein faktisk ønskjer, og ein sterk vilje til å gjennomføre det sjølv om utbyggar skulle ønskje noko anna. Det betyr heilt konkret ein streng dispensasjonspraksis.

Rådmannen vurderer vedlagde framlegg til «Bustadpolitisk handlingsplan 2017 – 2030» som ein brei og omfattande plan som legg klare føringar for ein heilskapleg bustadpolitikk, med bakgrunn i

mandat og målområde planen er vedteke å skulle omhandle. Den set kommunen sine bustadsosiale utfordringar inn i ein heilskapleg trong for ei auka bustadutvikling, og tek på alvor sentrale, regionale og lokale føringer.

I slutten av hovudkapittel 3, 4 og 5 er det laga ein handlingsdel der forslag til strategi, tiltak og framdrift er samla i ein felles oversikt. I etterkant av godkjenning ser rådmannen for seg at det vert utarbeidd ein kortversjon av planen som eit administrativt arbeidsdokument med tydeleg ansvars plassering av dei ulike oppgåvene. Dette er særskilt viktig fordi planen berører fleire sektorar.

#### **Eldrerådet 29.05.2017**

#### **Behandling**

#### **ELD- 015/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.